

Forretningsorden for Studentparlamentet

Retningslinjer for møta i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

§1 Ope møte

Møta i Studentparlamentet er opne for alle studentar ved Høgskulen i Volda. Enkeltsaker kan lukkast etter ordinært fleirtalsvedtak.

§2 Opning av ei sak og innteikning til debatt

Ordstyrar gir først ordet til saksframleggjar i AU, som kort vil presentere/innleie om saka. AU kan også delegere innleiinga til eksterne gjestar.

Ein teiknar seg vanlegvis til debatt fortløpande under framlegginga av saka og fram til det blir sett strek. Ein finger for innlegg, to fingrar for replikk.

§3 Til dagsorden

Har ein faktaopplysningar eller synspunkt knytt til måten ei sak skal handsamast, eller korleis møtet eller avrøystingar blir lagt opp, kan ein be om ordet «til dagsorden» eller «til avrøystinga» ved å vise time-out-teiknet.

§4 Debatt og taletid

Til vanleg er taletida 3 min. for første innlegg, 2 min. for andregangs innlegg, 1 minutt for replikkar. Ordstyrar føreslår taletid i tråd med oppsett tidsplan for møtet. Alle med forslagsrett kan foreslå endringar i taletid undervegs i møtet. Ordstyrar kan avskjere innlegg som overskrid tilmålt tid.

Innlegg som pådreg seg replikk(ar), får høve til ein svarreplikk, før ein går vidare på den ordinære talelista. Det er ikkje høve til å ta replikk på replikk, då må ein i staden teikne seg for eit nytt innlegg.

Ordstyrar sørgjer for ein sakleg og fin tone i debatten, og kan avslå innlegg som er usaklege, ufine eller bryt med Studentparlamentet sine etiske retningslinjer.

Ordstyrar set strek i debatten ut i frå tidsramme. Når strek er sett, kan ikkje fleire teikne seg på talelista. Ordstyrar avgjer om også replikkar blir kutta når strek er sett.

§5 Forslag til vedtak

AU legg til vanleg fram ei innstilling, altså eit forslag til vedtak, i alle vedtakssaker. Møtereglementet til Studentparlamentet regulerer kven som har forslagsrett.



Representantane i Studentparlamentet står fritt til å komme med nye, alternative forslag til vedtak, evt tilleggspunkt til vedtaket. Desse kan sendast inn i forkant eller fremjast undervegs i møtet. Alle forslag til vedtak skal presenterast i debatten og sendast skriftleg til ordstyrarbordet. AU kan ila debatten velje å trekkje eller endre sine opphavlege forslag til vedtak. Ved fleire forslag til vedtak, blir det cup-votering der dei mest yttarleggåande forslaga først blir sett opp mot kvarandre.

Studentparlamentet kan velje å utsetje å gjere vedtak i ei sak dersom dei meiner ho ikkje er tilstrekkeleg utgreia. Då må ein framsetje eit utsetjingsforslag i debatten.

§6 Røysting

I dei fleste saker gjeld alminneleg fleirtal. Møtereglementet til Studentparlamentet regulerer kva saker som krev 2/3 fleirtal.

Røysting skjer vanlegvis med handsopprekking, men det er rom for å fremje forslag om hemmeleg val. Personval skal som hovudregel skje ved hemmeleg val, altså urneval.

§7 Pause i debatten

Medlemmane i parlamentet kan føreslå ein pause i debatten, slik at parlamentet og AU får snakke saman meir uformelt før dei samlast til ordskiftet att. Dette kan t.d. vere nyttig dersom ein ynskjer å flette saman fleire liknande forslag til eit omforeint forslag, eller treng å drøfte ei sak med representantar frå si eiga avdeling før ei avstemming. Ynskjer ein ei slik pause, må ein be om det i debatten. Ordstyrar slår fast kor lang pausen skal vere.

§8 Handsaming av orienterings-, diskusjons- og eventuelt-saker

I orienteringssaker (også kalla referatsaker) blir det ikkje stemt over vedtak, men saka blir tatt til orientering/til vitende.

Diskusjonssaker blir som hovudregel heller ikkje stemt over. Nokre diskusjonssaker er av ein slik karakter at referent protokollfører innspel som kjem fram i debatten utan at det blir gjort vedtak. Andre diskusjonssaker kan vere førebuande, der AU først på neste møte legg fram ei innstilling til vedtak i saka.

Saker som blir ført opp som «eventuelt-sak» i møtet, eller som i sakspapira står oppført som orienterings- eller diskusjonssak utan innstilling til vedtak, krev eit 2/3 fleirtal for å kunne bli votert over i møtet.